

NOTAT

Vedlegg: B-1

TIL: Lindås kommune, Byggjesak

SAK: LINDÅS KOMMUNE – EINING FOR TEKNISK DRIFT VASSLEIDNING KROSSLIA-REMME. GNR. 131 BNR. 4, 5. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN ALVERSTRAUMEN.

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon for bygging i Landbruks-, natur- og friluftsområde og i den funksjonelle strandsona i Kommunedelplanen Alverstraumen.

Lindås kommune – Eining for teknisk drift skal etablere ny hovudvassleidning til Remme og Neshaugen, vest for Radsundet.

BESKRIVELSE AV TILTAKET

Tiltaket omfattar bygging av ø225mm vassleidning mellom eksisterande leidningsnett på Fosse, Krosslia/Skarsvegen og avsluttast ved Juvika (nord for Neshaugen).

Definisjon av omfang:

1. 800m vassleidning i Radsundet. Endeleg trase vil bli bestemt etter sonarundersøkingar utført av utførende firma
2. 100m vassleidning i borehol gjennom fjell mellom Krosslia og Radsundet, samd Remme og Radsundet
3. 455m vassleidning i grøft over dyrka innmark på gnr/bnr. 131/4 og /5
4. 45m vassleidning i veg på Neshaugen
5. 152m stikkleidning (63mm) til bustader på Remme/Neshaugen

Om naudsnyt for å etablere stabilt fundament for røyrleidning vil det bli utført masseutskifting under grøft.

GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON TIL BYGGING I LNF-OMRÅDE
Ny vassleidning inngår som eit byggetrinn i Lindås kommune si plan for vassforsyning i kommunen. Leidning vil ha stor betydning for å sikra tilfredsstillande og stabil vassforsyning til bustader og bedrifter i del av kommunen som grensar mot Radøy kommune.

Bustadar på Remme og Neshaugen har i dag berre privat vassforsyning med varierande kvalitet. Lindås kommune skal sikre kommunal vassforsyning til desse eigedomane etter sterkt ønske frå eigarar.

Vassleidning er fyrste byggetrinn av ny ringleidning til framtidig høgdebasseng på Hilland. Etablering av ny ringleidning på vassleidningsnettet gir større forsyningstryggleik etter alle etappar med samankopling mot Hilland er utført. Samstundes skal leidninga ha funksjon som vassforsyning mot Radøy sør.

Trase for vassleidning er politisk vedtatt i Hovudplan for drikkevassforsyning 2014-2025 i Lindås kommune. Tiltaket har difor høg prioritet.

Leidning vil hovudsakleg bli lagt på botn i sjø og over dyrka innmark. Inngrep i terreng vil haldast på eit minimumsnivå og alle vassføringsveger vil bli opprettholdt. Terreng blir tilbakeført slik at grasbakke for forproduksjon kan bli etablert over røytrase. Tiltaket vil ikkje vere synleg etter anleggsslutt.

Vi meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar til lokalsamfunn i nordvestre del av Lindås kommune. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i areal avsett til LNF-område.

Vurdering av naturmangfald i anleggsområdet er gjennomført. Rapport konkluderer med ein liten til middels verdi for naturmangfald.

KONSEKVENSER

Inngrep i areal definert som LNF-område. Legging av vassleidning innanfor 100-metersbeltet langs sjø.

Kommuneplan Lindås og kommunedelplan Knarvik – Alversund, med Alverstraumen, er under revisjon.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Kopi til:

Lindås kommune – Teknisk drift v/Atle Dingen
Naboar til tiltaket